



**Breheimen  
nasjonalparkstyre**

**Postadresse**  
Postboks 987  
2604 LILLEHAMMER

**Besøksadresse**  
Skjåk utmarkssenter (v/Skjåk  
Almenning), 2690 Skjåk og  
Luster kommune,  
Kommunehuset, 6868 Gaupne

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 61 26 60 00  
Direkte: +47 61 26 62 10  
fminpost@fylkesmannen.no  
<http://www.nasjonalparkstyre.no/breheimen>

Skjåk Almenning  
Industrivegen 10  
2690 SKJÅK

---

Saksbehandler Stein Magne Grevrusten

Vår ref. 2020/369-2 432.3

Dykkar ref.

Dato 25.03.2020

## **Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon – Utviding / endring av fasade på Sauhytta i Lundadalen - 2020 - Skjåk Almenning v/ Kristen Haugen Dagsgard**

### **Vedtak**

I samsvar med delegasjonsfullmakt frå Breheimen nasjonalparkstyre gjev nasjonalparkforvaltaren Skjåk Almenning løyve til å setje opp eit vedstativ på Sauhytta i Lundadalen som beskrive i søknaden. Vedtaket er fatta med heimel i § 3 pkt. 1.3 bokstav a i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark.

Følgjande vilkår gjeld for løyve:

- Vedstativet skal byggjast i desse dimensjonane: 1,8 m bredde x 1,8 m høgde x 0,4 m djupne.
- Stativet skal påførast same farge som hytta og takutstikket skal ha ei matt overflate.
- Statens naturoppsyn Breheimen skal i ettertid kontrollere at tiltaket er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Vi gjer oppmerksom på at dette løyvet berre gjeld i forhold til verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente eit eventuell løyve etter anna lovverk frå Skjåk kommune og grunneigar.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendes til Breheimen nasjonalparkstyre.

---

**Nasjonalpark** Breheimen  
**Naturreservat** Høyrokampen  
**Landskapsvernområde** Strynefjellet, Mysubytta, Høydalen, Mørkridsdalen, Vigdalen



## Dokument i saka

- Søknad frå Skjåk Almenning, datert 9. januar 2020.

## Saksopplysningar

Søknaden er attgjeve nedanfor:

*Søknaden gjeld for Skjåk Almenning si hytte i Lundadalen – Sauhytta. GPS koordinat; UTM32 Euref89: Nord 6850270 Øst 453273. Hytta er 21 kvadratmeter stor, men ein del er reservert til det lokale beitelaget som lagerplass av salt, gjerdeutstyr etc.*

*Dei siste åra har vi opplevd at nokre av hyttene har gått tomme for ved nokså tidleg på hausten – og at vi då har vore nøydt til å stenge hytta fram til det er råd å køyre inn meir ved. Dette er i stor grad avhengig av bruken særleg i reinsjakta. Sjølv om vi har tatt veden ut av sekkane og stabla den, blir det ikkje nok plass inne i gangen for enkelte av hyttene. Dette gjeld spesielt Sauhytta i Breheimen.*

*Alternativet er å stable vedsekkane utanfor hytta under presenning, noko som ikkje er særleg skjønsmessig gunstig eller ryddig. Samstundes er løysing med presenning utfordrande i fjellet med tanke på vær og vind, når veden kjem inn på vinteren og blir liggande på snøen som smeltar vekk etter kvart.*

*Naturoppsyn i Skjåk Almenning tykkjer det derfor er ei betre løysing, tenkt både praktisk og estetisk, med eit utandørs vedstativ fastmontert på veggen. Vedstativet er tenkt som eit lite tilbygg av tre på veggen, med fylgjande maksimale mål; Lengde langs veggen 180 cm, høgde 180 cm og djupne frå veggen 40 cm. I tillegg er det tenkt å ha eit lite skråtak over, for å skjerme mest mogleg mot vær og vind. Det blir ein føresetnad at stativet blir bygt slik at det i størst mogleg grad går i eitt med fasaden på hytta og omgjevnadane. Dette både med farge og konstruksjon. Med eit slik stativ vil ein truleg også kunne redusere behovet for transporturar om vintrane. Liknande tiltak er gjort for Tverråhytta i Reinheimen og Sveinbu i Ottadalen LVO.*

*Skjåk Almenning søker med bakgrunn i denne beskrivinga om fasadeendring og oppføring av vedstativ til Sauhytta i Lundadalen innan 2022.*



Bilde av liknande stativ som er tenkt. Stativet skal målast i same farge som resten av hytta. Sauhytta. Truleg er det mest aktuelt med stativet på den austlege kortveggen.

*Bilete og forklaring vedlagt i søknaden.*

## Heimelsgrunnlag

### Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

I medhald av styresak 7/2016 og styresak 2/2020 har Breheimen nasjonalparkstyre gjort vedtak om å delegere behandling av enkelte saker til nasjonalparkforvaltaren. Dette er gjort med heimel i nasjonalparkstyrets vedtekter. Vedtaket gjev nasjonalparkforvaltarane i Breheimen myndigheit til å treffe vedtak i saker som gjeld søknad om løyve etter verneforskriftenes spesifiserte dispensasjonsbestemmingar, samt kurante saker etter naturmangfaldlova § 48 for verneområda i Breheimen.

Denne saka er drøfta med styreleiar.



## Verneformål – verneforskrift

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne, representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep. Vidare er føremålet med nasjonalparken m.a. å ta vare på eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald, ta vare på leveområde til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen villreinområde, vegetasjon og landskap, og å ta vare på kulturminne. Ålmenta skal ha høve til uforstyrra oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

Etter verneforskrift for Breheimen nasjonalpark er all bygging og oppføring av installasjonar forbode i nasjonalparken (jf. § 3 pkt. 1.1), med unntak gjeve i § 3 pkt. 1.3.

Forvaltningsmyndigheita kan gje løyve til bl.a.:

- *Ombygging og mindre utviding av bygningar i samsvar med retningslinjer fastsette i forvaltningsplan, jf. § 5. (§ 3 pkt. 1,3 bokstav a i verneforskrift for Breheimen nasjonalpark).*

## Forvaltningsplan

Etter søknad kan det gjevast løyve til ombygging og mindre utviding av bygningar i nasjonalparken og innanfor landskapsvernområda.

Det skal førast ein streng praksis ved handsaming av søknader om ombygging og utviding av bygningar både i nasjonalparken og i landskapsvernområda.

Endring av bygningen sin karakter skal vurderast som ombygging. Dette gjeld tiltak som inneber andre materialar og/ eller dimensjonar og utsjånad for ytterpanel, dører og vindauge, pipeløp og taktekking. Likeins vert det rekna som ombygging dersom det blir gjort synlege konstruksjonsendringar, som til dømes endra takvinkel. Slike tiltak krev løyve.

Det vil kunne gjevast løyve til ombygging og utviding av bygningar innanfor følgjande rammer:

I nasjonalparken:

- totalt bygningsareal på fritidsbustader i nasjonalparken skal ikkje vere større enn 20 m<sup>2</sup>.

I tillegg gjeld følgjande rammer både i nasjonalparken og i landskapsvernområda:

- det kan gjevast løyve til mindre tilbygg som utgjer inntil 30 % av grunnflata på eksisterande bygg, og som ikkje er større enn 10 m<sup>2</sup>.
- små fiskebuer/beitebuer/hytter skal ikkje overstige 12 m<sup>2</sup>.
- største samla bygningsareal per tomt for fritidsbustader er 75 m<sup>2</sup>. I dette inngår også eksisterande uthus og anneks, maks tre bygningar.



## Naturmangfaldlova

Omsynet til verneverdiane i området blir vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1(Føremål), 4 og 5 (forvaltingsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. § § 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

## Vurdering

Sauhytta i Lundadalen er 21 m<sup>2</sup> men ein del av hytta er brukt av det lokale beitelaget som lagerplass av salt, gjerdeutstyr osv. Dei siste åra har Skjåk Almenning opplevd at nokre av hyttene har gått tomme for ved tidleg på hausten, og løysninga da har vorte å stenge hytta fram til det vart råd å køyre inn meir ved. Dette er spesielt avhengig av kor stor bruken er i reinsjakta. Skjåk Almenning meiner at utandørs lagring av ved på bakken med presenning over ikkje er noko god løysning.

Bygging av slike vedstativ er ikkje omtala i verneforskrifta eller forvaltningsplanen. Slike vedstativ må tolkast som ei utviding og fasadeendring av bygget og er difor søknadspliktig. Forvaltningsplanen opnar for mindre utvidingar av bygningar i Breheimen nasjonalpark men søknadar skal behandlast strengt. Bredda på stativet er 1,8 meter og djupna er 0,4 meter. Dette betyr at stativet utgjer ei flate på 0,72 m<sup>2</sup> og er ei auking av det totale arealet på 3,43 %.

Nasjonalparkforvaltar meiner at det er tilstrekkeleg kunnskap om området og konsekvensane av tiltaket. Med bakgrunn i forvaltningsplanen for Breheimen, databasar (InnlandsGIS, Naturbasen og Artsdatabanken), ulike naturfaglege rapportar og generell kunnskap om området, er det god oversikt over kva som kan påverke natur og miljø negativt. For å ivareta naturmiljøet kan forvaltningsmyndigheita bl.a. stille villkår som har som formål å avgrense ein eventuell skadeverknad av eit eventuelt løyve (§ 8).

Utleiehyttene til Skjåk Almenning er eit viktig tilbod for dei som vil oppleve Breheimen nasjonalpark. Hyttene er ofte brukt i samband med jakt, fiske og friluftsliv. I villreinjakta står desse hyttene opne til fri bruk slik at jegerane kan få tak over hovudet dersom det er dårleg vær.

Sjølv om Sauhytta overstig arealgrensa i forvaltningsplanen på 20 m<sup>2</sup> vurderer nasjonalparkforvaltar utvidinga som minimal. Nasjonalparkforvaltar meiner at desse utleiehytten er i ei særstilling i og med at desse kan brukast av folk flest som ønskjer å drive jakt, fiske og enkelt friluftsliv i Breheimen. Det er derfor viktig å sikre tilgangen til ved på dei plassane som er mest brukt. Med bakgrunn i dette blir det også vurdert at eit eventuelt løyve til oppføring av vedstativet her ikkje vil gje nokon presedensfare for andre saker.



Det kan også nemnast at i Reinheimen nasjonalpark er det også gjeve liknande løyve for lagring av ved på eit par av Skjåk Almenning sine hytter der.

Dersom vilkåra i løyvet blir følgt er det ikkje nødvendig å ta i bruk føre-var-prinsippet i forbindelse med søknaden (§ 9). Den samla belastninga som økosystemet blir utsett for er vurdert som liten. Tiltaket vil i utgangspunktet ikkje føre til endra bruk av hytta eller få negativ innverknad på verneverdiar eller verneformålet i Breheimen. Tiltaket kan bety at det blir noko redusert behov for motorisert transport til hytta. Nytteverdien ved eit vedstativ er vurdert som større enn ulempene (§ 10). Tiltakshavar pliktar å iverksette dei tiltak som er nødvendig for at naturmangfaldet ikkje skal bli skadelidande. Om ikkje dette blir gjort kan tiltakshavar bli pålagt å iverksette tiltak for å rette skaden i ettertid. Når det gjelder miljøforsvarlege teknikkar blir dette sikra gjennom vilkåra som er stilt i saken (§§ 11-12).

Med helsing

Stein Magne Grevrusten  
nasjonalparkforvaltar

*Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift*

Kopi går i e-post til:  
Fylkesmannen i Innlandet  
Miljødirektoratet  
Skjåk kommune  
Statens naturoppsyn Breheimen v/ Øyvind Angard